

VOSSAnytt frå destinasjonen des 2010

VOSSAnytt er på maks 2 sider. Håper du tar deg tid til å lese desse. Takk.

❖ Felles vintermagasin for Voss

Denne vinteren er Voss samla til eitt rike, gjennom magasinet VOSSAvinter. Opplaget er på 15.000, og hovuddistribusjonen er i Bergen, Haugesund og Stavanger området. Distribusjon skjer via post til eit utval av adresser, via "roadshows", via sportsbutikker etc. Du kan stikke innom i Vangsgata 20 for å hente magasin for vidare distribusjon. Elles vil dette magasinet ligga tilgjengeleg hjå overnattingsverksemdene på Voss.



❖ Felles sommarsatsing 2011

..med fokus på opplevingar. Dette blir ei viktig satsing mot marknaden, med forankring i marknadsplanen. Me har søkt midlar frå Kræffondet og frå Næringsfondet for Voss, Aurland og Vik og har akkurat fått bekrefta eit tilskot på kr 100.000 frå Næringsfondet. Ein del av prosjektet handlar også om å få på plass ein vekeskalender med tilbod om ulike opplevingar på Voss og omegn.

❖ Innovasjon Norge sitt sommarmagasin

Voss vil ha ei felles side i dette magasinet.

Felles midlar gjennom marknadsbidrag vert nytta her. Verksemdene kan få ytterlegare merksemd gjennom å kjøpe annonse. Meir info kjem litt seinare.

❖ Samarbeid Fjord Norge

Fjord Norge er ein viktig samarbeidspartnar på den internasjonale marknaden. Voss er aktive medspelarar på utvikling av vår felles nettplattform, og største partnar for marknadsføring av vinter i Fjord Norge regionen. Voss deltek i produktmanualen 2011-2013 mot den internasjonale marknaden gjennom midlar frå Destinasjon Voss, evt i tillegg til matching frå enkelt verksemdar.

❖ Kommuneplan for Voss

Kommuneplanen 2011- 2022 er lagt ut til offentleg ettersyn. Destinasjon Voss vil gje uttale til planen innan 20.desember. Dersom du har synspunkt til innhaldet i planen må du gjerne sende desse til DV v/Anne Grethe innan 15.des, slik at me kan få dette med i ei felles uttale. Dokumenta ligg på heimesida til Voss kommune. Det er to ulike dokument; ein samfunnsdel med mål og tiltak og ein arealdel (dokument kalla føresegner). Endeleg høyringsfrist til Voss kommune er sett til 30.des.

❖ Kontaktforum

Den 06.okt var det fyrste møtet i kontaktforum mellom næringsliv og kommune, der målet er auka verdiskaping gjennom større samhandling. På møtet 2.desember var hovudtema sentrumsutvikling. Dette er ei viktig sak for heile Voss, og det er behov for eit krafttak for å sikre framtidig trafikk til Voss når trafikken vert lagt i tunnel. Referat frå møta i kontaktforum vert lagt ut på www.visitvoss.no/bransje (NB – ikkje passord lenger). Her vil det etter kvart kome konkrete arbeidsoppgåver å ta tak i for alle som vil engasjere seg.

❖ Destinasjon Voss i balanse 2010

DV når målet om balanse i rekneskapen for 2010. Dette året passerar me 4 millionar kr i omsetning. Av dette er om lag 25% marknadsbidrag frå medlemmane, 25% er

omdirigerte marknadsmidlar frå ein skilde medlemmar, 12% er inntekter gjennom booking og sal av profilartiklar og 38% er bidrag frå kommune, fylkeskommune, næringsfond og Innovasjon Norge.


Når rekneskapa er revidert på nyåret vil me invitere til medlemsmøte, som blir viktig for neste fase, i tråd med reiselivsstrategien.

❖ **Medlemsrabatt**

Dersom medlemmar ynskjer å bruke VOSSAkle til arbeidsantrekk får de gode prisar. Dette må du bestille særskilt. Be om vare- og prislister ved å ta kontakt med annegrethe@visitvoss.no eller erik@visitvoss.no. Elles får de 20% rabatt på kjøp over disk i butikken.

❖ **Nettbutikk opna i oktober**

Destinasjon Voss opna nettbutikk på www.vossashop.no i oktober. Her kan VOSSApatriotar frå heile landet få VOSSAprodukt heim til seg pr post.



❖ **NCE tourism – Fjord Norway**

NCE hadde konferanse i Bergen i november, med fokus på tematurisme for framtida. Sjå www.ncetourism.com for meir info. 4 overordna temasatsingar er valt i NCE; vandring, vinter og ski, outdoor adventure og kultur. Alle desse tema er relevant for Voss, og me følgjer arbeidet i NCE tett.

❖ **Ski heile året**

Viktig fokus i dette prosjektet for inneverande sesong er arbeidet med logistikk, spesielt transport mellom Flesland og Voss. Leasingavtale for minibuss er på plass i desse dagar.

❖ **DV og samarbeid med dei store arrangementa**

DV og Festival Voss har tett dialog med alle dei store arrangementa. Det er godt samarbeid på kryss og tvers, og gjennom kontaktmøter kvar måned med dei store overnattingsverksemdene og kommunen (MINTA gruppa) arbeider me mot større verdiskaping på Voss gjennom festivalar og arrangement. Notatar frå desse samlingane finn du på www.visitvoss.no/bransje

❖ **Bruk av design**

Alle medlemmar har tilgang på bruk av VOSSAprofilen. Det er viktig at denne vert nytta i tråd med profilhandboka. Fint om du som medlem kan signere avtalen som kjem i eigen sending, og sende den i retur til Destinasjon Voss.

❖ **Vindtunnel**

VossVind og samarbeidspartnarar arbeider aktivt for å finne ei løysing på realisering av dette prosjektet.

❖ **“Årshjul” for arrangement 2011**

Vedlagt i denne sendinga er ein oversikt over alle dei større arrangementa på Voss i 2011 – nyttig for planlegging av aktivitet.

Kontaktinfo Destinasjon Voss

post@visitvoss.no	40617700
erik@visitvoss.no	92238848
gunhild@visitvoss.no	90032415
annegrethe@visitvoss.no	95787590



VOSSA [❖] helsing med
ynskje om ei **god jol**
og eit **godt nytt år** frå

Gunhild, Erik og Anne Grethe